



Tippetue Arkitekter AS  
5032 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1595 - 15/17620

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:  
24.09.2015

## Godkjenning - søknad om endring av gitt løyve for nye ansvarsrettar tilknytt byggjetiltak på gbnr. 23/509 i Meland kommune (lågblokk 2)

**Administrativt vedtak. Saknr: 350/2015**

### Saksutgreiing

Det vert vist til søknad mottatt 7.7.2015 om endring av gitt byggjeløyve for oppføring av lågblokk 2 på gbnr. 23/509 i Meland kommune.

Endringa gjeld godkjenning av nye ansvarsrettar for høvesvis utføring (UTF) av sanitær-, varme, og sløkkjeinstallasjonar (sprinklaranlegg) i tiltaksklasse 3 i nemnde byggverk og uavhengig kontroll (KONT) av prosjektering (PRO) og UTF av sprinklaranlegget, jf. søknad frå Evensen Rør AS (org.nr. 984 544 936) og VVS Planlegging AS (org.nr. 995 197 731) dagsett 29. og 26.6.2015.

### Vurdering

Evensen Rør AS er sentralgodkjent som ansvarleg føretak for utføring av sanitær-, varme, og sløkkjeinstallasjonar i tiltaksklasse 3, medan VVS Planlegging AS er sentralgodkjent som ansvarleg føretak for overordna uavhengig kontroll i same tiltaksklasse.

Det følgjer dertil av Saksbehandlingsforskriften (SAK10) kap. 9 at kommunen skal tildele ansvarsrett utan nærmare vurdering når sentralgodkjenninga dekkjer ansvarsområdet det vert søkt om ansvarsrett for.

Nye ansvarsrettar vert på denne bakgrunn godkjent som omsøkt.

## Vedtak

*I rammeløyve av 26.9.2013 i DNT-sak 370/13 (arkivsakID 14/1595) og etterfølgjande igangsettingsløyve (IG) i same sak vert det gjort følgjande endring med omsyn til godkjenning av føretak for ansvarsrettar:*

*I samsvar med søknad dagsett 29.6.2015 godkjenner Meland kommune føretaket Evensen Rør AS (org.nr. 984 544 936) for ansvarsrett som utførande (UTF) av sanitær-, varme, og sløkkje-installasjonar i tiltaksklasse 3 (sprinklaranlegg) i lågblokk 2 på gbnr. 23/509, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 23-1, 21-3 og § 23-6.*

*I samsvar med søknad dagsett 26.6.2015 godkjenner Meland kommune vidare føretaket VVS Planlegging AS (org.nr. 995 197 731) for ansvarsrett som uavhengig kontrollerande (KONT) av prosjektering (PRO) og utføring (UTF) av sprinklaranlegg i lågblokk 2 på gbnr. 23/509, jf. Plan- og bygningsloven (pbl.) §§ 23-1, 21-3 og § 23-7.*

*For tiltaket gjeld elles dei krav og vilkår som følgjer av nemnde rammeløyve og IG.*

*Om grunngivinga for vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over.*

\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er mottatt. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknaden om endring av gitt løyve vert ettersendt, jf. høvesvis pbl. § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Etersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det vert kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. Forvaltningsloven §§ 3 og 28. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med venleg helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Mottakere:**

Tippetue Arkitekter AS

5032

BERGEN